

Overordna retningslinjer for prioritering av «Spesielle miljøtiltak i jordbruket» (SMIL) i Vaksdal kommune



Viktige landskapsleiarar på Bukkestein.

2024 - 2028

Vedtekne av kommunestyret i Vaksdal kommune, 06.02.24

1.0 Bakgrunn - om landbruket i kommunen og SMIL-ordninga

1.1. Vaksdal som landbrukskommune

Den mest utbreidde landbruksdrifta i kommunen, finn ein i Eksingedalen. Elles er det drift på i Bergsdalen, og på Eidslandet, Stamnes, Straume, Dalseid/Dale og Helle, i Sædalen, på Stavenes og i Gammersvik. I tillegg er det småskala sauehald/hobbydrift fleire stader.

I 2023 søkte 44 føretak om produksjonstilskot i jordbruket. Av desse driv 5 med mjølkekyr og storfe. Eitt føretak driv med geit, medan 4 føretak har kombinert drift mellom mjølkeproduksjon og sauehald. Heile 30 driv med sau, medan ein produsent har jordbær og grønsaker som satsingsområde. To føretak haustar grovfôr for vidareasal.

1.2 Grunnlaget for SMIL-midlane

«Spesielle miljøtiltak i jordbruket» (SMIL) er ei eigen tilskotsordning med midlar løyvde over jordbruksoppgjeret. Statsforvaltaren i Vestland tildeler årlege beløp til kommunane, som grunnlag for lokale prioriteringar og lokal bruk.

1.3 Føremålet med tilskotsordninga

I følgje «Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket», skal SMIL-midlane;

- *«fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap, og å redusere ureininga frå jordbruket, ut over det som ventast gjennom vanleg jordbruksdrift».*

Rundskriv 2021-18 gjev utdjupande informasjon om bruken av midlane.

1.4 Lokal tiltaksstrategi for SMIL

SMIL-forskrifta § 1 seier at midlane skal prioriterast ut frå lokale, overordna retningsliner. I dette høve har kommunane ansvaret for å utarbeide kommunale tiltaksstrategiar som grunnlag for tildeling etter søknad.

Vaksdal kommune har hatt strategi for prioritering av SMIL-midlar for perioden 2018 - 2022, med 2023 som eit ekstra år. Det skal no lagast ny retningsliner for perioden 2024 - 2028.

Intensjonen med retningslinene er å få ei best mogleg innretning av SMIL-midlane, ut frå situasjonen, utfordringane og behovet lokalt. Dette med utgangspunkt i dei miljømåla og verdiane som tilskotsordninga skal fremje. Framlegget til retningsliner er i dette høvet sendt til lokale faglag, statsforvaltaren og fylkeskommunen til uttale, i tråd med SMIL-forskrifta § 8.

1.5 Vilkår og ramme for å få tilskot

SMIL-midlar kan løyvast til registrerte føretak i Brønnøysundregistrene, som har rett til å

søkje om produksjonstilskot i jordbruket etter PT-forskrifta, eller til eigarar av landbruks-eigedomar der det går føre seg ei produksjonsretta drift. Det kan òg gjevast tilskot til samarbeidstiltak mellom føretak/landbrukseigedomar.

1.6 Bruk av midlar ved førre tiltaksstrategi

Oversyn i Agros viser følgjande bruk av SMIL-midlar i perioden 2018 – 2022:

År	Type tiltak	Løyving
2018	Ljåslått (kantslått), Småbrekke	26 250,-
	Restaurering av taubane og motorhus, Yksendalen	55 500,-
	Vøling gamal dam i naturstein, Yksendalen	39 200,-
2019	Rydding/tilbakeføring, gamal kulturmark, Leiro	13 800,-
	Ferdsle i kulturlandskapet, Leiro	12 750,-
	Kvileplass ved buføreveg + infotavler, Yksendalen	28 860,-
	Skjøtsel gamal kulturmark, Gammersvik	22 993,-
	Rydding av gamal kulturmark, Flatekval	26 950,-
2020	Vedlikehald kulturhistorisk ferdслеåre, Militærvegen	11 200,-
	Gapahuk, stølsveg til Dalseidstølen	14 315,-
	Lafta løe, innmarksbeite, Nesheim	57 000,-
	Hesjing, Flatekval	6 300,-
2021	Vøling av gamal smie i naturstein, Nesheim	57 000,-
	Rydding/fjerning av tistel på innmark/på beite, Brakestad	8 300,-
	Vøling uteløe Geitabotn, Bergo	26 500,-
2022	Vøling, uteløe, Utlaberget, Yksendalen	30 000,-
	Gjerding, innmarksbeite, Straume, nye drift/ny brukar	70 000,-

1.7 Korleis søkje?, lokal søknadsfrist og tilgjengelege tilskotsmidlar

Søknadar skal sendast elektronisk gjennom ID-portalen i [Altinn](#).

Vaksdal kommune har 1. juni som søknadsfrist. Årlege løyvingar dei siste åra har vore kring kr. 100 000,-.

2.0 Koplingar til andre miljøordningar, planar og verkemidlar

I tillegg til SMIL-ordninga, er det også andre økonomiske verkemiddel for å fremje natur-, kultur- og miljøverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap, med mål, planar og strategiar. Kommunen ynskjer i dette høvet å sjå ulike verkemidlar i samanheng, for å medverke til vekselverknadar og meirverdiar.

2.1 Regionalt miljøprogram for Vestland fylke; - kopling mot SMIL-midlane

Regionalt miljøtilskot (RMP) er eit statleg tilskot til jordbruksføretak for å ta vare på miljøverdiar i jordbruket. Prioritering og tildeling av midlar skal skje etter fylkesvise miljøprogram, og Statsforvaltaren i Vestland har nyleg utarbeidd nytt program for 2023 -2026. I dette høvet skal SMIL-midlane sjåast opp mot denne tilskotsordninga, og følgjande mål:

HOVUDMÅL: «Miljøprogrammet i Vestland skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast».

Beiting på stølen

- DELMÅL:

1. Eit ope og velstelt kulturlandskap
2. Bratt jordbruksareal i aktiv drift
3. God utnytting av utmarksbeite og aktiv stølsdrift
4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir teke vare på og skjøtta
5. Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til luft
6. Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima
7. Minst mogleg tap av næringsstoff frå landbruket til vassdrag



- STRATEGIAR: Jamfør «Regionalt miljøprogram for Vestland fylke 2023 -2026».

2.2 Vassforskrifta - ramme for vassforvaltning gjennom EU sitt vassdirektiv

Gjennom den nasjonal «Vannforskriften» har Noreg forplikta seg til å følgje opp EU sitt vassdirektiv, med mål om at «alle» vassførekomstar (bekk, elv, innsjø, ...) skal ha «god økologisk tilstand» innan 2027. Kvar kommune har i dette høvet «avrenning frå landbruk» og «spreidde avlaup» som ansvarsområde, med utarbeiding av mål og gjennomføring av tiltak. Vaksdal kommunen høyrer til [«Voss-Ostefjorden vassområde»](#). Informasjon om miljømål og tilstand for ulike vassførekomstar i kommunen, går fram av [Vann nett](#) som grunnlag for prioritering og handling.

Eksingedalsvassdraget, Bergsdalselva, Daleelva og Sædalselva renn alle gjennom jordbruksområde, og fleire av vassdraga/strekningane har «moderat økologisk tilstand». I dette høvet ynskjer kommunen å nytte SMIL-midlar til tiltak som medverkar til å betre miljøtilstanden.

2.3 Kommuneplanen

Kommuneplanen sin arealdel for 2019 -2031, seier at arealbruken i kommunen må sjåast opp mot konsekvensar for naturmangfald, kulturmiljø og landskapsbilete. Verdiane av kulturlandskapet vert trekte fram som viktige for busetnad og arealutvikling, basert på landbruket sine premissar. Sentrale verkemidlar i dette høvet, er å ta vare på areal med høg verdi, mellom anna dyrka mark og beiteområde. Elles inngår ulike stølsområde og gardstun med bygningsmiljø som omsynssoner for kulturmiljø i arealdelen.

I SMIL-saker skal arealdelen sine føresegner og retningsliner leggjast til grunn.

2.3 Kommunale registreringar og planar for kulturminne/kulturmiljø

Vaksdal kommune sine registreringar og planar for kulturminne/kulturmiljø, inkludert jordbruket, skal vektleggjast ved prioritering av søknadar etter SMIL-strategien:

- [Kulturminneregistrering, Vaksdal kommune, Våren 2011. Del 1](#)
- [Kulturminneregistrering, Vaksdal kommune, Våren 2012. Del 2](#)
- [Kulturplan for Vaksdal kommune 2016 – 2026](#)
- [Plan for kulturminne, Vaksdal kommune, 2015 – 2018](#)

2.4 Andre planar, rapportar og strategiar

Det finst fleire planar om natur- og kulturmiljø med relevans for verdivurdering og prioritering i SMIL-samanheng:

- [Temaplan for landbruk, Vestland fylke, 2023 – 2027](#)
- [Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde](#)
- [Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde, 2016 – 2027.](#)
- *Dammar som kulturminne, 2006 - 2008, (inkl. dammar for drift av kvernhus og sager)*

2.5 Andre tilskotsordningar

Fleire offentlege og private tilskotsordningar kan kombinerast med SMIL-midlane:

- [Regionalt miljøtilskot \(RMP\) i regi av Statsforvaltaren - fastsette ordningar](#)
- *Kulturminnemidlar, Vestland fylkeskommune*
- *Kulturminnefondet, Norsk kulturarv (privat stifting)*
- *Klima- og miljømidlar, Statsforvaltaren*
- [Tilskot til drenering av jordbruksjord \(agronomiske tiltak – klima-/miljøeffekt\)](#)
- *Vaksdal kommune sitt fond for vilt, fiske og friluftsliv (etter kraftregulering)*

3.0 Natur-/kulturminneverdiar i kommunen; utfordringar/problemstillingar

Som grunnlag for vektlegging av prioriteringar i dei overordna retningslinene til kommunen, vert det gjeve ei kort skildring av natur- og kulturverdiar i jordbrukslandskapet i Vaksdal, med status, framtidige utfordringar og verdivurderingar.

3.1 Biologisk mangfald

Jordbruket sitt kulturlandskap inneheld mange naturtypar og leveområde for ulike artar. Landskapet er soleis viktig for det biologiske mangfaldet, og korleis dette utviklar seg. Dagens jordbruksdrift er meir intensivt og einsidig enn før, og tidlegare driftsformer gav i større grad samansette og mosaikkprega landskap, med høgare diversitet. Mange av dei

Varsling!



artane som hadde gode vilkår, kan i dag ha gått tilbake grunna meir rasjonell og effektiv drift. I dette høvet ynskjer kommunen å medverke til skjøtselstiltak og driftsmåtar som mellom anna;

- *tek vare på/fremjar gamal kulturmark/beitemark, med mangfald av vegetasjonstypar.*
- *legg til rette for at truga/sårbare fugleartar hekkar i jordbruket sitt kulturlandskap (vipe, åkerrikse, sandsvale, ..).*
- *fremjar leveområde for pollinerande insekt, jf. [tiltaksplan](#).*



Samspel!

3.2 Framande artar (svartelista artar - hagerømlingar)

[Framande artar](#) er eit trugsmål mot biologisk mangfald, og kan utgjere eit miljøproblem. Slike artar spreier seg ofte raskt, og konkurrerer ut naturlege artar. Spreiing kan oppstå ved flytting av lausmassar ved byggje- og anleggsverksemd, og artane oppstår ofte langs/i dyrka mark, på brakklagt jord og i driftsvegar. Artar ein ikkje ynskjer, er mellom anna parkslirekne, kjempespringfj, tromsøpalme/kjempebjørnkjeks og skogskjegg. Fleire av desse er registrert i kommunen, jf. «Artskart». Det er difor viktig med førebyggjande og reduserande tiltak. Her kan SMIL-midlar nyttast til aktuelle gjeremål. Det bør i dette høvet søkjast kombinert finansiering, t.d. hos Statsforvaltaren, sidan tiltaka kan vere arbeidskrevjande og dyre.

3.3 Friluftsliv i kulturlandskapet

Jordbrukslandskapet dannar ofte utgangspunkt for ferdsle, naturopplevingar og rekreasjon, til dømes dei gamle ferdslevegane mellom grender og stølar, jf. «Stølstrimmen i Eksingdalen. Elles er det i dette dalføret, lagt til rette for ferdsle og opplevingar i Almane (kultursti) og i Yksendalen (sherpatrapper). Ved Småbrekke i Bergsdalen finn ein «Villmarksleiren» og «Militærvegen», og kulturlandskapet på Helle er mykje nytta som nærtuområde.

Kommunen ynskjer å nytte SMIL-midlar til å fremje ferdsle og opplevingar i kulturlandskapet, spesielt gjennom tiltak som kan dempe moglege interesse motsetningar.



Gode høve på Småbrekke

3.4 Avrenning frå landbruket til vassdrag/naturmiljø

Mykje av slåttemarka i kommunen ligg inntil vassdrag, utan kantvegetasjon imellom. Dette kan gjere vassmiljøet utsett for næringsstoff frå jordbruksdrifta. Her ynskjer vi å støtte tiltak som kan redusere faren for slike tilsig, mellom anna gjennom gode, agronomiske forhold og miljøvenleg lagring/spreiing av husdyrgjødsel. Aktuelle tiltak kan vere avskjerings-grøfter, dekke over gjødsellager, oppsamlingstiltak/ fangdammar kring fôrings-/lagringsplassar, replantingar og opning av lukka bekker. Fleire av gjeremåla kan koste mykje, og det bør søkjast samfinansiering med ande kjelder, t.d. frå Innovasjon Norge, for å dekke over gjødsellager.

3.5 Kulturminne/kulturmiljø

Kulturverdiane i jordbrukslandskapet varierer frå ulike typar bygningar, som gamle florar, stølshus, ute-løer og kvernhus, til sitjenøter, steingardar, styvingstre og buførevegar med meir. Desse elementa viser eit mangfald og ein historisk bruk. Her vil SMIL-midlane, for å ta vare på slike verdiar, vere i tråd med føremålet, også med tanke på formidling og oppleving. Ved sakshandsaming skal prioriterte objekt/miljø i kommunen sin kulturplan, vektleggast. Avgrensa tilgang på SMIL-midlar, kan vidare gje behov for finansiering frå andre kjelder (kulturmidlar o.l.).



Kvelvingsbru og laksegilje som kulturelement.

3.6 Skjøtsel av kulturlandskap; hindre attgroing og å fremje natur- og kulturminneverdiar

Aktiv gardsdrift, med slått og beite, er avgjerande for å sikre opne og velstelte kulturlandskap. Nedgangen på areal i drift og talet på beitedyr, skapar difor utfordringar knytt til attgroing av areal. Kommunen ynskjer i dette høvet å prioritere skjøtselstiltak i område som framleis har kulturpreg, for å ta vare på natur- og kulturminneverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap. Dette for å sikre og forsterke miljø- og arealkvaliteten, mellom anna med tilretteleggingstiltak som fremjar ulike skjøtselstiltak gjennom praktiske gjeremål. Til dømes ved rydding, inngjerding og liknande. Derimot må ikkje bruken av SMIL-midlar gå til tiltak som vert rekna å inngå i «vanleg jordbruksdrift». Sakshandsamar må i dette høvet gjere ei konkret vurdering frå sak til sak, i høve til regelverket. Gamle driftsmåtar, som hesjing, kan inngå i prioriteringa.



Årleg skjøtsel og slått gjev opne landskap

Kommunen vil vere merksam på gardsbruk der drifta skal byggjast opp att, og der nye/unge brukarar tek over eigedom. Det same gjeld for veglause gardar, med areal som er i bruk/i hevd, som Leiro, Furnes og Bukkestein. Men avveging mot «vanleg jordbruksdrift» må gjerast.

3.7 Klima- og miljøtiltak tiltak

Klimaet er i endring, og landbruket må som andre næringar, ta grep for å leggje til rette for klimavenleg drift. Organisasjonane i næringa har difor starta programmet «Klimasmart landbruk», som listar opp mange, aktuelle grep, både på det einskilde bruk og i fellesskap. For å støtte opp om dette arbeidet, ser kommunen det som naturleg å nytte SMIL-midlar til tiltak som fell innanfor føremålet, og som kan gje klimaeffekt. I dette høve vil vi sjå verkemiddelbruken i samanheng med andre klima- og miljømidlar, som til dømes RMP-programmet. Aktuelle tiltak kan vere ulike samarbeidstiltak om kartlegging, planlegging og rådgjeving. Til dømes [klimarådgjeving på garden](#), gjennom innleigd hjelp frå NLR-Vest.

Under miljøtiltak tenkjer vi også på «opprydding» etter tidlegare drift, som å ta ned pigg-trådgjerde mot utmark, eller fjerne gamle nettinggjerde. *Men dette må vere tiltak som ikkje fell under definisjonen «vanleg jordbruksdrift», der ansvaret for å vedlikehald og fjerning ligg til den som er ansvarleg for gjerdet, jf. dyrevelferdslova. I område med uavklarte eigar-/ansvarsforhold, kan det derimot vere grunnlag for å nytte SMIL-midlar.*

Ei nettsak hos Statsforvaltaren i Vestland gjev elles nærare utdjuping av problematikken.

Grunna omlegging til meir rasjonell og effektiv drift ved slått/hausting, er pakking av fôret i rundballar mykje nytta. Dette gjev bruk av store mengder med plast, som kan gje eit miljøproblem. Føretaka skal handtere plasten på ein forsvarleg måte etter bruk, med levering til godkjende mottak. Her kan det oppstå utfordringa i samband med både lagring og transport, og kommunen ser nytten av å bruke SMIL-midlar til fellestiltak som kan lette situasjonen, til dømes ved innkjøp av plastpresse.

3.8 Næringsutvikling knytt kulturlandskapet/kulturmiljøet

Fleire føretak driv med, eller har planar om, næringsverksemd knytt til garden og kulturlandskapet (reiseliv, grøn omsorg m.m.). Her ynskjer kommunen å støtte opp om tiltak som ligg innafør SMIL-føremålet, og som kan utvikle næringssettinga på garden.

4.0 Kommunale mål og retningsliner

4.1 Hovudmål:

- Tiltaksstrategien for SMIL-midlane skal gje ekstra miljøinnsats i jordbruket sitt kulturlandskap, ved lokale, målretta tiltak som tek vare på og styrkjar natur- og miljøkvalitetane i landskapet.

4.2 Delmål:

1. Strategien skal synleggjere og aktualisere SMIL-midlane som miljøverkemidlar for føretak som driv jordbruksproduksjon.
2. SMIL-midlane skal medverke til medvit, engasjement og handling kring varierte skjøtsel- og miljøtiltak i kulturlandskapet, ut over vanleg jordbruksdrift.
3. Prioritering av SMIL-midlane skal gje gode resultat/realisering av fastsette miljømål.
4. SMIL-midlane skal utløyse samfinansiering.

5.0 Aktuelle tiltak, med prioriteringar

5.1 Tiltaksliste, med grunngjeving

Tiltaksgruppe	Type tiltak	Prioritet	Tilskotssats	Merknader/vilkår
KULTURLAND- SKAP/ BIOLOGISK MANGFALD/ FYSISK TILRETTE- LEGGING	Skjøtsel/rydding av gamal kultur-/beitemark, kombinert med inngjerding. Evt. bruk av No Fence. Midlar skal ikkje gå til «vanleg jordbruksdrift»	2	Inntil 50 %	Må ha kulturpreg/biologisk verdi. Vekt på driftsopplegg; utgjødsla mark, slåtte-tidspunkt/-metode.
	Vern av hekkelokalitetar, truga fugleartar (åkerrikse, vipe,)	1	Inntil 70 %	Må vere reg. i området. Vekt på slåttemetode.
	Leveområde for pollinerande artar (pollinatorar).	2	Inntil 70 %	Etablering og skjøtsel Kantsoner/naturbeitemark.
	Bruk av gamle driftsmetodar	1	Inntil 70 %	Ljøslått, hesjing,...
	Restaurere/vedlikehalde kulturlandskapselement	1	Inntil 70 %	Steingjerde, bakkemurar, bruer,....
	Vøle/ivareta «landbruksbygg» med kulturhistorisk verdi	2	Inntil 50 %	Florar, «uteløer, stølshus,.. Pri. på kulturminneplanen
	Tilretteleggingstiltak i kulturlandskapet (tilgjenge/oppleving)	1	Inntil 70 %	Skilt/infotavler, gjerdeklyv, grinder, bruer, stiar, kvileplassar. Ikkje i utmark!
	Fjerning av framande artar	2	Inntil 50 %	Søkje samfinansiering statsforvaltar
MILJØ- OG KLIMA	Økologiske/biologiske tiltak for å fange opp avrenning (næringsstoff, sprøytemidlar, jordpartiklar). Reinsketiltak.	1	Inntil 70 %	Re-planting langs vassdrag, etabl. av fang-/oppsamlingsdammar kring fôrings-, lagrings-/ påfyllingsplassar
	Etablering av avskjeringsgrøfter og opning av lukka bekkar	1	Inntil 50 %	Betre agronomi, betre opptak av næringsstoff.
	Fast dekke på gjødsellager	1	Inntil 50 %	Red. utslepp til luft og avrenning til vassdrag. Søkje samfinansiering.
	Fjerning av piggtråd/gamle gjerde mot utmark, må ikkje inngå i «vanleg jordbruksdrift»	1	Inntil 70 %	Levering til godkjente mottak.
	Innkjøp av plastpresse (må avklarast i høve til regelverket	1	Inntil 50 %	Samarbeidstiltak Samfinansiering «Bærekraftfondet» .
PLANLEGGING/ PROSJEKT	Klimarågjeving på gardsbruket	1	Inntil 100 %	Tilbod i regi av NLR Vest.
	Skjøtselsplan; kulturmarker/biologisk mangfald,...	1	Inntil 100 %	Samarbeids-/fellestiltak.
	Strategi/plan for fjerning av framande artar	2	Inntil 100 %	Samarbeids-/fellestiltak.
	Tilretteleggingsplan – ferdsle i kulturlandskapet	2	Inntil 100 %	Samarbeids-/fellestiltak.

5.2 Sentrale vurderingskriterier

Dei oppsette tiltaka, med prioriteringar, er ikkje uttømmende og absolutte, og det vil bli gjort ei vurdering frå sak til sak etter søknadens innhald, føremål, karakter, tilgjengelege midlar og verknadsgrad.

I tillegg til prioriteringskriteria i tiltakstabellen, skal følgjande forhold vektleggjast:

- Innhaldet i søknadane og tiltaket sin verknadsgrad.
- Tiltak/prioriteringar i kommunale planar.
- Objekt/område med høg (samla) verdi.
- Ved tilskot til landbruksbygg med kulturhistorisk verdi, må sentrale bygningstrekk vere intakte. Tradisjonelle byggjemåtar og materialval skal nyttast, med mest mogleg bruk av det opprinelege, og minst mogleg utskifting.
- Det skal ikkje gjevast tilskot til fredda bygningar eller oppføring av nye bygg, heller ikkje på gamle tufter.
- Nye bønder og gardar der drifta vert teke opp att (i inntil 5 år).
- Sakshandsamar skal opplyse om evt. søknadsplikt etter anna lovverk (pbl. m.fl.).

5.3 Rettleiande satsar for kostnadsoverslag

Oppsettet nedanfor skal vere til hjelp for søkjar ved budsjettering, og ei rettesnor for sakshandsamar ved godkjenning av kostnadar. Satsane vil ikkje i alle høve vere like relevante/rette å nytte, sidan pristilbod for innkjøp og arbeid kan gje eit like godt utgangspunkt. Dette bør vurderast frå sak til sak, men satsane skal likevel gje ein relevant peikepinn. Ved konkrete pristilbod frå leverandør/tenesteytar, bør dette brukast av søkjar.


- TIMESATSAR FOR ARBEID (EIGENINNSATS OG INNLEIGD ARBEID)

- Eige arbeid,
 - Manuelt arbeid/planlegging kr. 350,-/ time
 - Tillegg for bruk av motorsag/ryddesag kr. 75,- /time
 - Tillegg for bruk av tohjuls motorslåmaskin kr. 50,-/time
 - Arbeid med traktor med reiskap kr. 550,-/time
 - Arbeid med gravemaskin og liknande kr. 700,- /time
- Innleigd arbeid i regi av entreprenørar/fagpersonell Etter tilbod/faktura

- ULIKE TYPAR TILTAK/GJEREMÅL

- Tilretteleggingstiltak for ferdsle i kulturlandskapet:
 - Klopp per meter Inntil kr. 300,-
 - Bru Inntil kr. 1 600
 - Gjerdeklyv Inntil kr. 1000,-/stk.
 - Informasjonstavle Inntil kr. 2 000,-/stk.
 - Skilt Inntil kr. 500,-

- Gamal kulturmark
 - Skjøtsel/rydding av kulturmark/beitemark: kr. 500,- 2000,-/daa
 - Oppsett gjerde med sauenetting, m. over-/undertråd Inntil kr. 100,-/m
 - Permanent elektrisk gjerde Inntil kr. 50,-/m.
 - Ganggrind Inntil kr. 1000,-/stk.
 - Enkle køyregrind Inntil kr. 1 500,-/stk.
 - Kombinasjonsgrind Inntil kr. 2 000,-/stk.
 - Hesjing Inntil kr 50,-/golv.
- Kulturminne/kulturmiljø
 - Restaurering av tørrmurar Inntil kr. 1000,-/m.
 - Rydding av vegetasjon langs steingardar Inntil kr. 25,-/m.
 Rydding av vegetasjon rundt uteløer/tørrmura bygg kr. 500,- 1000,-/stk.
- Miljøtiltak
 - Fjerning av piggtråd/gamle gjerder kr. 30,-/meter
- Planleggingstiltak
 - Etter pristilbod



Notheng på Gammersvik – eit viktig, lokalt kulturminne